




Rammeplan for fylkesvegar i Vestland

Retningslinjer og haldningsklassar i avkøyrsl- og byggegrensesaker

Innholdsliste

1. Innleiing.....	3
2. Bakgrunnen for rammeplanen	3
3. Rammeplanen si tilknytning til veglova og plan- og bygningslova.....	4
3.1 Byggverk og innretning etter veglova.....	4
3.2 Tiltak etter plan og bygningslova	5
4. Haldningsklassar	5
5. Omklassifisering	9
6. Referanseliste.....	10

1. Innleiing

Denne rammeplanen gjeld for fylkesvegnettet i Vestland fylke. Rammeplanen er ei rettleiing ved sakshandsaming av avkøyrslø- og byggegrensesaker, og ved uttalar til kommune- og reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Veglova § 29 definerer kva som er gjeldande byggegrense langs veg. Søknad og sakshandsaming om dispensasjon frå fastsett byggegrense skal skje i samsvar med veglova §§ 29-30. Veglova §§ 40-43 omhandlar avkøyrslø frå offentleg veg og kva krav som gjeld ved bygging og bruk av avkøyrslø. Søknad og sakshandsaming av avkøyrsløesaker skal skje i samsvar med veglova.

I rammeplanen er fylkesvegnettet delt inn i haldningsklassar for avkøyrslø og tiltak langs vegen. Haldningsklassane er definert i datakatalogen til nasjonal vegdatabank (NVDB), og er felles for heile landet.

Rammeplanen bygger på tidlegare rammeplan utarbeida av Statens vegvesen Region vest. Den fyrste versjonen vart utarbeida januar 2020. Etter regionreforma i 2020 utarbeidde Vestland fylkeskommune ny rammeplan for fylkesvegnettet som var gjeldande i 2020 – 2024. Det er lagt opp til ei rullering av rammeplanen kvart 4. år.

Rammeplanen består av denne rettleiaren og ei kartløyising på fylkesatlas.no.

Søknadsskjema og rettleiing for søknadar og løyver på fylkesvegnettet er tilgjengeleg på [heimesida til Vestland fylkeskommune](#).

2. Bakgrunnen for rammeplanen

Etablering av verksemdar og busetnad langs vegnettet fører til behov for avkøyrslø og etablering av tiltak langs vegen. For å kunne handtere denne utviklinga på ein god måte, er det behov for å bestemme kva overordna haldning fylkeskommunen skal ha til nye eller endra avkøyrslø og tiltak nær dei ulike vegane. Fylkesvegane er difor inndelt i ulike haldningsklassar ut i frå kor mange avkøyrslø og tiltak nær vegen dei kan tåla, utan at det går for mykje ut over trafikktryggleiken og vegen sin funksjon.

Det er ein klar samanheng mellom trafikktryggleik og vegen sin funksjon, sett i høve til talet på kryss, avkøyrslø og tiltak nær vegen. Langs strekningar med mange avkøyrslø, vil det vera større aktivitet med køyrande inn på og ut av vegen. Dette kan føre til behov for å redusere fartsgrensa for å ta i vare trafikktryggleiken, noko som igjen kan gå ut over vegen sin funksjon som transportåre. Mange tiltak nær vegen kan påverke t.d. siktilhøva, arealbehov ved drift og vedlikehald og areal for tilbod til mjuke trafikantar. Tiltak nær vegen er også meir utsett for miljøulempar som støy og støv frå vegen.

Mange avkøyrslø og tiltak nær vegen kan gje auka kostnader til kompensande tiltak og drift- og vedlikehald av vegnettet. I tillegg kan det påverke kva som er fysisk mogleg å få til, og kostnadsnivået ved framtidige vegutbetringar.

3. Rammeplanen si tilknyting til veglova og plan- og bygningslova

Veglova § 40 set krav om at avkøyrsløse frå offentleg veg berre må byggast eller nyttast i samsvar med reguleringsplan eller kommuneplan. Lova opnar òg for at det kan søkast fylkeskommunen om løyve til å etablere avkøyrsløse frå fylkesveg dersom området ikkje er regulert, eller ønska avkøyrsløse ikkje inngår i slike planar.

Veglova § 29 fastset følgjande generelle byggegrenser langs offentlege vegar:

- 50 meter langs fylkesveg
- 15 meter langs gang- og sykkelveg

Det er byggegrensa som når lengst ut som gjeld. Avstanden vert rekna frå midtlina i køyrebana eller gang- og sykkelvegen. Det gjeld eigne byggegrenser i kryss.

Lova opnar for at fylkeskommunane kan fastsette andre byggegrenser for særskilde strekningar, men ikkje mindre enn 15 meter. Kommunane kan òg fastsette andre byggegrenser i reguleringsplanar eller i arealdelen av kommuneplan, jf. plan- og bygningslova.

3.1 Byggverk og innretning etter veglova

Forbodet mot bygging innanfor byggegrens omfattar alle fysiske tiltak, jf. veglova § 30 og plan- og bygningslova § 1-6. Dette omfattar byggverk av ein kvar art og større innretningar, til dømes: bygningar, kioskar, enkle skur, mellombelse brakkeriggjar, nettstasjonar og andre byggverk knytt til leidningar, campingvogner, støttemurar, tankanlegg, siloar, veksthus, tribunar ved idrettsanlegg, større telt, idrettsbaner, vareramper, utsprengde og utgravne rom, murar og liknande innretningar, gjerde som kan hindre fri sikt, kummar, dammar, kjellarar, støyskjermar, postkassestativ, søppelkassar, monument, faste og lause gjenstandar, apparat og konstruksjonar av ulik art. Både fast og mellombels opplag er omfatta, f.eks. båtopplag, vedlager, halmballar, annan lagring og faste parkeringsplassar.

Omgrepa i veglova § 30 er meint å ha ei svært omfattande rekkevidde, og lista ovanfor er ikkje uttømmende.

Endring, gjenoppføring eller bruk til andre føremål av byggverk eller innretningar er søknadspliktig, jf. veglova §§ 34 og 35.

På areal innanfor byggegrensa kan det ikkje bli gjennomført tiltak som er omfatta av veglova §§ 30, 34 og 35 utan at det er søkt om og gitt løyve til.

3.2 Tiltak etter plan og bygningslova

Tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) er til dømes oppføring, riving, endring, endra bruk og andre tiltak knytt til bygningar, konstruksjonar og anlegg, i tillegg er terrenngrep og oppretting og endring av eigedom omfatta av avgrensingar knytt til byggegrense, jf. pbl. § 1-6 jf. § 20-1 første ledd bokstav a til n. Omgrepa "bygning, konstruksjon og anlegg" i pbl. § 20-1 første ledd a skal tolkast vidt, og vil omfatte mykje av det same som er lista opp ovanfor knytt til veglova. Kommunen må ta omsyn til dette og vurdere byggegrense i samband med tiltak etter plan- og bygningslova.

I uregulerte område der byggegrenser etter veglova gjeld, er det fylkeskommunen som har mynde til å innvilge dispensasjon langs fylkesveg. I område der byggegrenser er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan, er det kommunen som har mynde til å innvilge dispensasjon. Fylkeskommunen er høyringspart i slike saker.

Det er ikkje tillate med tiltak i nærleiken av veganlegg dersom det kan medføre skade på veganlegget, jf. veglova § 57 og grannelova §§ 2 og 5.

Ved saksbehandling av søknader om avkøyrslar, søknader om dispensasjonar frå byggegrense, og ved uttalar til planar etter plan- og bygningslova, skal det alltid gjerast særskilde vurderingar i kvar enkelt sak før ein treff vedtak eller gjev uttale. Haldningsklassane er berre ein del av grunnlaget som skal vere med i vurderinga.

4. Haldningsklassar

Rammeplanen viser inndeling av vegnettet i haldningsklassar. Haldningsklassane fortel kor strengt ein skal vurdere søknader om nye/utvida bruk/endra bruk av avkøyrslar og byggetiltak nær vegane. Haldningsklassane er like for både avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser for kvar enkelt strekning.

Fylkesvegnettet er delt inn i følgjande haldningsklassar:

1. Svært streng haldning (raud)
2. Streng haldning (gul)
3. Mindre streng haldning (blå)
4. Lite streng haldning (grøn)

Ved vurdering av kva haldningsklasse den enkelte vegparsellen er satt i, er følgjande omsyn vektlagt:

- Trafikktryggleik
- Vegen sin transportfunksjon
- Planar og samfunnsutvikling
- Miljøtilhøva
- Vegstrekninga sin tekniske standard

Tabell 1-4 viser oversikt over dei fire ulike haldningsklassane. Vegnett med dei ulike haldningsklassane er vist med fargekodar på kart i [Fylkesatlas.no](https://fylkesatlas.no).

Tabell 1: Haldningsklasse 1

Svært streng haldning (raud) Svært viktig hovudveg med nasjonal og regional funksjon	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar
Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter Nye bustader, utanom til primærnæringa som er bunden til areala, vert berre godkjent etter reguleringsplan. Der det er gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegransa vurderast. Støykrava i teknisk forskrift skal vere oppfylt.	Vegane skal i prinsippet vere fri for nye avkøyrslar. Nye avkøyrslar og utvida/endra bruk av eksisterande avkøyrslar bør avklarast i reguleringsplan. Avkøyrslar til primærnæring som er bunden til areala kan avklarast utan reguleringsplan der den ikkje går utover trafikktryggleiken, tilhøva for drift og vedlikehald langs vegen eller framkoma på primærvegen negativt. Der det er gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan ein etter veglova vurdere å godkjenne utvida bruk av avkøyrsla dersom ho ikkje kryssar gang- og sykkelvegen. Dei tekniske krava til utforming skal vere oppfylt.

Tabell 2: Haldningsklasse 2

Streng haldning (gul) Viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar
Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter. Der det er med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrensa vurderast. Støykrava i byggtেকnisk forskrift skal vere oppfylt. Tiltak i tilknytning til eksisterande bygningar kan bli vurdert der tiltaka ikkje kjem nærare senterlinja enn eksisterande bygning, og heller ikkje påverkar trafikktryggleiken, tilhøva for drift og vedlikehald langs vegen, framtidig vegutbetring eller framkoma negativt.	Talet på avkøyrslar til vegane skal vera svært avgrensa. Nye avkøyrslar, utanom til primærnæring som er bunden til areala, bør avklarast i reguleringsplan. Plassering av avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga. Godkjenning til utvida bruk av avkøyrslar bør avgrensast. Dette gjeld særleg for bustadavkøyrslar. Der det er gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan utvida bruk av avkøyrslar godkjennast. Dei tekniske krava til utforming skal vere oppfylt. Der det er ei dårleg utforma avkøyrslar kan fylkeskommunen vere positiv til utvida bruk dersom dei tekniske krava kan bli oppfylt, og dette totalt sett gjev ein gevinst for trafikktryggleiken. Moglegheitene for ytterlegare utvida bruk er avgrensa. Der årstdøgnetrafikken er under 800, kan utvida bruk av avkøyrslar godkjennast der tekniske krav vert oppfylt.

Tabell 3: Haldningsklasse 3

Mindre streng haldning (blå) Viktig lokalveg med lokal samlevegfunksjon	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar
Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 30 meter. Tiltak i tilknytning til eksisterande bygningar kan bli vurdert der tiltaka ikkje kjem nærare senterlinja enn eksisterande bygning, og heller ikkje påverkar trafikktryggleiken, tilhøva for drift og vedlikehald langs vegen, framtidig vegutbetring eller framkoma negativt. Der årstdøgntrafikken er under 800 og fartsgrensa er 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrensa bli vurdert. Krava i teknisk forskrift om støy skal vere oppfylt.	Talet på direkte avkøyrslar til vegane skal vere avgrensa. Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må bli vurdert med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga. Vurder om det er behov for reguleringsplan. Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremaal bør normalt bli gitt dersom dei tekniske krava vert tilfredsstilt. Der årstdøgntrafikken er over 1500 og fartsgrensa er 70 km/t eller høgare, bør nye avkøyrslar verte avklart i reguleringsplan.

Tabell 4: Haldningsklasse 4

Lite streng haldning (grøn) Lokalveg og andre lokale funksjonar	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar
Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 15 meter. Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve dispensasjon for oppføring av bustader og fritidsbustader innanfor 15 meter. Tiltak i tilknyting til eksisterande bygningar kan bli vurdert der tiltaka ikkje kjem nærare senterlinja enn eksisterande bygning, og heller ikkje påverkar trafikktryggleiken, tilhøva for drift og vedlikehald langs vegen, framtidig vegutbetring eller framkoma negativt.	Godkjenning av ny avkøyrslar kan normalt bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrslar vert oppfylt. Der tilhøva ligg til rette for det, skal tilkomst visast til næraste eksisterande avkøyrslar.

5. Omklassifisering

Denne rammeplanen gjeld for fylkesvegar i Vestland fylkeskommune. For vegar som vert omklassifisert til riks-, kommunal- eller privat veg må ny vegeigar ta ny stilling til haldning for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser.

For vegar som vert omklassifisert til fylkesveg, må sakshandsamar ved behov ta stilling til kva haldningsklasse som skal leggjast til grunn fram til neste rullering.

6. Referanseliste

[Fylkesatlas.no](https://fylkesatlas.no)

Haldningsklassar avkøyrslar for fylkesvegar i Vestland fylke

[Vestland fylkeskommune – søknadar og løyver](#)

Lenke til Vestland fylkeskommune si søknadsside knytt til fylkesveg

[Veglova](#)

[Plan- og bygningslova](#)

[Vegtrafikklova](#)

Vedkommende myndighet har på privat og offentlig eiendom rett til å sette opp offentlig trafikkskilt, signal, utstyr for kontroll av trafikk og feste for slike innretninger og til å foreta oppmerking.

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane

[Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet](#)

Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god stads- og byutvikling.

[Kommuneplanens arealdel - rettleiar](#)

Eksempel på korleis rammeplanen kan ta inn føresegn i kommuneplanen (side 87-88)

[Handbok N100 Veg- og gateutforming](#)

Krav til utforming av avkøyrslar

[Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss](#)

Utdjuper krava i handbok N100

[Vegvesen.no - Søknad om avkøyrsløye](#)


Lenke til Statens vegvesen si søknadsside for avkøyrsløye

[Vegvesen.no - Søknad om dispensasjon frå byggegrense](#)

Lenke til Statens vegvesen si søknadsside for søknad om dispensasjon frå byggegrense

[Handbok R701 Retningslinjer for behandling av avkjørslesaker](#)

[Retningslinjer for behandling av byggegrensesaker langs riksveg](#)



vestlandfylke.no